



Steinar Haugland og Chris Fossli presenterte interessante planar for regionalt klatresenter i Uskedalen.

Det var interessante og gode planar Steinar Haugland og Chris Fossli kunne fortelja om då klatregruppa i kveld hadde invitert lokalavisene og uskedalen.no til *Klatrande pressekonferanse*. Dei er godt i gang med planar der resultatet forhåpentlegvis vert eit *Regionsenter for klatring for Sør-Vestlandet*.

Klatregruppa har siste åra hatt eit sterkt oppsving. Framveksten både av barn, ungdom og vaksne har vore sterkt aukande. Klatrarane kjem frå heile kommunen. Veksten heng truleg saman med målretta og systematisk utvikling av klatrefelt utandørs. Vidare har nok kurs, dugnader og samlingar i den vesle klatreveggen som finst i aktivitetshuset hatt positiv effekt. Tida i denne har blitt utvida, men no er kapasiteten sprengd både i klatreveggen og når det gjeld bruk av aktivitetshuset til andre aktivitetar. Viktig for oppsvinget har det og vore at klatreentusiastar, med Chris Fossli i spissen, har flytta til kommunen.

Ulvanåso har lenge vore kjent som eit klatreeldorado som klatrarar søkjer til frå alle verdas krikar og krokar. Ut frå denne populariteten er det mest ubegripeleg for oss uvitande at ikkje fleire lokale har nytta seg av dette unike tilbodet. Forklaringa er at ein treng ei gradvis opplæring for å kunna ha glede av å klatra i veggen i Ulvanåso. Det er det klatregruppa er i ferd med å tilrettelegga for, og med ein ny klatrevegg med heile 20 meters høgde vil Uskedalen få eit komplett og attraktivt Regionsenter for klatring for Sør-Vestlandet.



Det var stor aktivitet i klatrevæggen denne onsdagskvelden også.

Den innandørs klatrevæggen vert å sjå på som trinn 1 i for klatrarane. I Børsdalen har klatregruppa i idrettslaget opparbeidd ein klatrepark som vert det neste steget. Her er det 5 ruter med topptaufeste og 5 bolta ruter. Dette vart opparbeidd i 2017. I fjor vart det så laga ei bolta rute på 250 klatremeter opp til Låganåso. Denne er laga pedagogisk og gjennomtenkt av Chris Fossli. Han fortel at det er enkelt i starten, og så vert det meir krevjande etter kvart. Dei kan snu når dei føler for det og rapellera ned. Her kan dei også læra seg å setja sikringar og å trena på det. Etter treninga her vil dei vera modne for å vera med som andremann i den store veggjen i Ulvanåso i taulag med ein rutinert klartrar.

Entusiastane har gjort ein stor dugnadsjobb, og for at klatresenteret skal verta fullført, lanserer dei altså planane for eit tilbygg til det eksisterande aktivitetshuset. Tilbygget kjem på langsida inn mot kunstgrasbanen. Her er det planlagt ein klatrevegg med 20 m høgde, og det er opp mot dei høgaste klatreveggane i Norge. Den vil innehalda både klatre- og buldrevegg. Anlegget er no under teikning, og i tilknytning vil det og koma eit sosialt rom som og vil vera viktig for å utvikla klatremiljøet som trekkjer til seg mange ungdommar.

Utbyggingsplanane inkluderer også plass til eit nytt treningsenter då det noverande styrkerommet, der det ikkje kan trena meir enn 4-5 personar samstundes, er altfor lite. Dette er også ein aktivitet som stadig tiltrekkjer seg fleire ungdommar, og mange av dei er ikkje engasjert i annan idrettsaktivitet.

Steinar Haugland fortel at for å utvikla klatremiljøet er det heilt nødvendig med ein større vegg og dessutan langt meir tid til bruk. Ved å flytta klatreaktiviteten ut av hallen vil det også bli frigjort tid til andre aktivitetar, noko det er skrikande behov for.

Alt planarbeidet til no er gjort på dugnad. No er dei komne så langt at det er tid for å leiga inn konsulentar og arkitektar. Når det gjeld den vidare framdrifta, seier dei to at det sjølvstakt kjem an på økonomi. Dei fortel at dei har søknader inne på fleire hald, og dei håpar det vert sett positivt på kva dette vil ha å seie for Kvinnherad. - Vi tenkjer først og fremst på lokale folk, ikkje minst ungdommane som trekkjer til denne aktiviteten, men det er jo også ei kjend sak at svært mange turistar kjem frå alle verdas kantar på grunn av dei bratte fjella våre, seier Chris Fossli og Steinar Haugland. Dei legg til at med den innandørs veggjen vert tilreisande klatrarar også sikra eit tilbod sjølv om dei må venta nokre dagar på utandørs klatring når det regnar.

Arbeidet vert leia av ei prosjektgruppe på 6 personar som i tillegg til dei to er samansett personar busette rundt i Kvinnherad. Fleire av dei er tilflyttarar med klatrarbakgrunn. Chris Fossli og Steinar Haugland rosar Kvinnherad kommune for godt samarbeid til no. Dei håpar dette vil fortsetja framover, og at dei også får godt samarbeid med andre om det flotte prosjektet.

Medan vi har snakka med dei to eldsjelene, har det vore full aktivitet inne i hallen. Der er det hovudsakleg ungdommar denne dagen. Blant dei som er der er også to utekontaktar. Britt Irene Lie fortel at dei er der

jamnleg og har med seg både gutar og jenter. Chris og Steinar fortel at frammøtet vanlegvis er størst på søndagar. Då er det familiekltring, og då er det særleg dei yngste som boltrar seg i veggen.

Når vi avslutningsvis spør om korleis dei ser på at det kjem klatrevegg i den nye idrettshallen på Husnes, svarar dei to:

- Det ser vi på eit fint supplement som ein klatrevegg for Husnes-området. Dette her vert noko heilt anna. I tillegg vert dette ein naturleg del av det fantastiske klatretilbodet som vi har utandørs, avsluttar dei to. Steinar er oppvaksten her i bygda medan Chris er ein av dei som flytta hit nettopp på grunn av dei bratte fjella.

Det vert spennande å følgja arbeidet vidare med prosjektet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland